

Innkomne uttalar, innspel og merknader i samband med krav om opning av revisjonssak for Sundsbarmreguleringa.

Etter vassdragsreguleringslova § 10 er det høve til å krevje revisjon av konsesjonsvilkår etter 50 år. Konsesjonen for Sundsbarm blei gitt 5.7.1963 og for regulering av Seljordsvatn 19.5.1944. Kravet om opning av revisjonssak må godkjennast av NVE. Kommunane Tokke, Seljord og Kviteseid vedtok å sette ned ei styringsgruppe og engasjere Faun Naturforvaltning i Fyresdal som fagleg hjelp. Det har i februar vore arrangert 4 grendemøte. Styringsgruppa har også hatt 2 møte med Sundsbarm kraftverk. Gruppa la fram sitt framlegg til krav om opning av revisjonssak 4.4.2013.

I oppsettet nedanfor er dei innspela ein har fått i revisjonssaka kommentert.

| MOTTEKNE INNSPEL | KOMMENTAR |
|--|---|
| 1. Referat frå møte i Høydalsmo 13.2.2013 | |
| Høgare minstevassføring i Ofteåi | Minstevassføringskravet er i dag 40 l/s målt nede ved E 134. Mykje av kravet er dekt gjennom naturleg restvassføring. Målepunktet bør derfor flyttast til utløpet av reguleringsmagasinet (Ljosdalsvatn) |
| Oftevatn gror att | Større vassføring gjennom Oftevatn kan redusere litt av problemet, men neppe stanse attgroingsprosessen. Høgare vasstand kan skape problem for næringsutvikling i Høydalsmo |
| Tryte har spreidd seg til Sundsbarm via overføringstunnelen frå Nystølvatnet | Krav om miljøfond/fiskefond som kan nyttast til tiltak mot tryte og anna fiskestell |
| Ørekyt har spreidd seg med settefisk frå Reinsvoll settefiskanlegg | Statkraft har fått undersøkt det genetiske opphavet til ørekyta i Tokke-Vinjevassdraget med Bandak. Ørekyta har minst 2 ulike genetiske opphav. Det kan ikkje påvisast nokon samanheng med settefiskanlegget på Reinsvoll |
| Vilkåra for storaure i Sundkilen og i Dalåi | Sjå kommentar under punkt 2 |
| Biotopforbetringstiltak i Dalåi | NVE må pålegge konsesjonæren tiltak i samsvar med plan tilsvarande den HiT laga for Vallaråi (sjå kommentar til punkt 8) |
| Høgare vassføring i Dalåi | Må sjåast i samanheng med krav om høgare vassføring i Ofteåi og i Morgedalsåi |
| 2. Referat frå møte i Morgedal 19.2.2013 | |
| Missnøye med utforming av tersklar | Det blei laga ein plan for Morgedalsvassdraget som er følgd opp med endring av tersklar og enkelte mudringstiltak i 2005. Tiltaka er synfart og godkjent av NVE i 2006 |
| Høgare minstevassføring | Minstevassføringskravet på 100 l/s om |

| | |
|---|--|
| | sommaren og 50 l/s om vinteren blir kontrollert ved den nedste terskelen (Vassendterskelen). Der er mykje av bidraget uregulert restvassføring. Flytting av målepunktet til dammen i Nystølmagasinet vil gje større vassføring |
| Mudring og andre tiltak mot attgroing | Etter at tiltak blei gjennomført i 2005 har attgroingsprosessen halde fram. NVE kan etter gjeldande konsesjon pålegge regulanten å bygge og vedlikehalde tersklar samt reinske opp i elveløpet |
| Ørekylt i Morgedalstjønni | Sjå kommentar under punkt 1 |
| Problem med isgang og oppgrunning i Dalåi | Må sjåast i samanheng med pålegg om biotopforbetringstiltak (punkt 1) |
| Dokumentasjon omkring storaure i Dalåi | I reguleringssskjønnet synes det å vera lagt mest vekt på haustfisket etter sik. Kviteseid jeger og fisk vil samle opplysningar om tidlegare observasjonar/fangst av storaure i Sundkilen/Dalåi |
| 3. Referat frå møte i Seljord 20.2.2013 | |
| Problem med å få sett ut båt. Utvasking og erosjon i reguleringssona gjer det vanskeleg å kome ned til LRV med biltilhengar og båt Skinner med tralle har fungert dårleg og er fjerna | Det bør lagast veg med dekke av betong ned til lågaste reguleringsvasstand (LRV) både på Sanden og ved dammen i nordenden. Desse må vera opne for ålmenta for å kunne reknast som ei ålmenn interesse som er relevant for revisjonssaka |
| Erosjon og rydding langs Millionvegen. Vedlikehald på andre vegar | Vegen blei bygd som konsesjonsveg men er privat. Vedlikehaldet på alle vegane er overført til dei som eig vegene. Sundsbarm kraftverk betalar for sin bruk. Kravet blir derfor vurdert som eit privatrettsleg krav |
| Høgare og meir stabil vasstand om sommaren. Sundsbarm er regulert 38 m. Dei siste 10 – 20 åra har vasstanden variert meir på grunn av større innslag av effektkjøring i Sundsbarm kraftverk | Det kan stillast krav om at magasinet skal vera fylt til ei viss kotehøgde innan ein viss dato, alternativt at alt tilsig etter ein viss dato skal gå til oppfylling av magasinet. Kravet må sjåast i samanheng med vilkåra i Vallaråi og Seljordsvatn |
| Røyebestanden har gått tilbake. Behov for tiltak mot tryte | Korleis fisket blir forvalta er eit privat ansvar. Det blir kravd eit miljøfond der ein kan søke om tilskot til tiltak |
| 4. Referat frå møte i Langlim 28.2.2013 | |
| Magasinet må vera oppfylt til minst kote 607 om sommaren | Sjå kommentar til punkt 5 |
| Skjer og grunnar må merkast så dei ikkje utgjer nokon fare for båttrafikken | Det er ikkje noko bestemt båtlei i Sundsbarm, og ein finn det derfor vanskeleg å pålegge konsesjonæren noko ansvar for merking. Det bør derimot lagast eit |

| | |
|--|---|
| | djubdekart som viser kvar grunnane finst. |
| Vatnet må ryddast for rekved og røter som har losna frå reguleringssona | Det blir kravd at konsesjonæren med jamne mellomrom/etter behov må ta opp rekved og røter og hogge det opp til flis |
| Lausmassetersklar i Manndalsåi og Åmotsdalsåi har blitt vaska vekk | NVE må gjera ei synfaring og eventuelt kome med pålegg om tiltak |
| Elveløp gror att | Konsesjonæren er i konsesjonen pålagt å halde vassvegane opne i tilfelle flaum |
| 5. Hytteeigarar i Søndre Sundsbarm, ved Åge Halvorsen 14.3.2013 | |
| Krav om meir høgare og meir stabil vasstand i Sundsbarm, minst til kote 608 om sommaren av omsyn til friluftsliv, synsinntrykk og bruk av båt | I nye konsesjonsvilkår kan det innførast krav til manøvrering av magasinet. HRV og LRV kan ikkje endrast. Eit krav om fylling til kote 608 til ein viss dato (streng restriksjon) eller disponering av tilsig etter ein viss dato (mjuk restriksjon) vil ha betydelege økonomiske konsekvensar, men bør vurderast |
| Båtsporkart (draft) | Sjå kommentar til punkt 4 |
| Rydding av tre og røtar | Sjå kommentar til punkt 4 |
| 6. Reiselivsbedrifter langs Seljordsvatn ved Sigmund Telnes 16.3.2013 | |
| For høg vasstand i Seljordsvatn om sommaren. Krav om at klappluka blir senka. Vasstanden i Seljordsvatn blir i fyrste rekke bestemt av tappinga frå Sundsbarm og den naturlege profilen i utløpet av vatnet. Bø kraftverk har konsesjon frå 1944 til å tappe Seljordsvatn ca 0,5 m under normalvasstand, og det er sett inn ei klappluke som blei ombygd på 1980-talet. Det er i tillegg avtale om minstevassføring i Bøelva på 4,5 m ³ /s. Målingar sidan 1884 viser at sommarvasstanden er i gjennomsnitt lågare etter Sundsbarmreguleringa enn før, men at vasstanden på 2000- talet har vore 20 cm høgare i juli og 30 cm høgare i august enn på 1970- og 80- talet. | Vasstanden i Seljordsvatn gjeld også offentlege friluftsområde og badestrender. Ein har rekna med at luka betyr lite når vasstanden er høg. Det må gjennomførast ei hydrologisk vurdering av situasjonen i Seljordsvatn, spesielt i høve til sommarvasstand og kjøring av Sundsbarm kraftverk. Det bør etablerast eit manøvreringsreglement for vatnet og bruken av klappeluka |
| 7. Grunneigarar Åmotsdølsliene/Skarbu Bjåen, ved Petter F. Ringvold 5.3.2013 | |
| Krav om at Sundsbarm kraftverk tek på seg ansvar for opprusting/reparering av Sandsetvegen | Dette er eit privatrettsleg krav som ikkje høyrer inn under ein vilkårsrevisjon |
| 8. Seljordsvatnet grunneigarlag ved Harald Hansen (telefon til Helge Kiland, Faun 28.2.2013) | |
| Kritisk til tiltak utført i Vallaråi. Bekymring | NVE har gitt Sundsbarm kraftverk pålegg om |

| | |
|---|--|
| for storaurestamma i Seljordsvatn | <p>tiltak, og Høgskulen i Telemark har på oppdrag frå Sundsbarm kraftverk utført fiskebiologiske undersøkingar og laga tiltaksplan. Planen er følgd opp med tiltak i elva 2012/2013</p> <p>Tiltaka og verknaden av dei må evaluerast i etterkant, mellom anna med tanke på behovet for fleire tiltak.</p> <p>I tillegg til Sundsbarm kraftverk har også Statens vegvesen eit betydeleg ansvar for situasjonen i elva</p> |
| 9. Seljordsvatnet grunneigarlag ved Olaf Strand, 21.3.2013 | |
| Slepp av kaldt vatn frå Sundsbarm reduserer veksten til fisken og påverkar bestanden av storaure | Brå temperatursenking i samband med tapping av kaldt botnvatn frå Sundsbarm kan vera ei utfordring for livet i elva sommarstid. Dette er eit generelt problem for mange reguleringsmagasin og kan krevje nye tekniske løysingar |
| Krav om miljøfond til tynningsfiske og andre fisketiltak | Viser til kommentar under punkt 1. I revisjonssaka for Vinstra er det gitt midlar til eit fiske og friluftslivsfond som blir forvalta av kommunane |
| Skagerak Energi har aldri utført fiskeforbetrande tiltak i Vallaråi på friviljug basis. I staden har prosessen heller vore trenert. Tiltak er derfor avhengig av pålegg | Det har vore arbeid med tiltaksplan for Vallaråi sidan 2005. Sjå elles kommentar under punkt 8 |
| 10. Søndre Sundsbarm fiskelag ved Arvid Vala, e-post 8.3.2013 | |
| Etterlyser betre kontroll med minstevassføring i Kivleåi | 10 – 15 % av nedbørfeltet til Kivleåi er overført til Sundsbarm. Sundsbarm har ikkje noko naturleg utløp til bekken, og det er ikkje krav om minstevassføring. I staden for minstevassføring bør ein heller vurdere habitatforbetrande tiltak i dei nedste 500 m av bekken. |
| Ønskjer betre avløp frå Seljordsvatn under flaum | Sjå kommentar under punkt 6. |
| 11. Kviteseid Jeger og Fisk 18.4.2013 | |
| Ønskjer folkemøte i Kviteseid | |
| Vil ha undersøkt fisken i Dalaåi, spesielt om der er noko storaurestamme, bekkeniauge og av biologisk mangfald i elva generelt | Fylkesmannen kan også etter gjeldande reglement gje pålegg om fiskeundersøkingar. Det bør undersøkast om |

| | |
|--|--|
| | der finst opplysningar om auren i Dalaåi frå før reguleringa. Det bør krevjast ein plan for fysiske tiltak (habitatforbetring) i Dalaåi. I den samanhengen bør det også gjerast fiskeundersøkingar |
|--|--|